

Brannvernrunde 02.06.2026 Nysæter kyrkje

- Ragnhild Vad frå brannvesenet hadde først ein teoretisk gjennomgang med tilsette og frivillige medarbeidarar i kyrkja, bl.a. om kvifor det er viktig med gode rutinar, brannøving i gudstenester for å avdekke kva og kor ein kan forbedre ting, korleis brannvarsling virka mm. Viktig at alle veit kvar sløkkjeapparata er. Det er eigar av kyrkja som skal syte for at det er ulike instruksar, og me har ansvar for å setje oss inn i det/etterspør.
- Branninstruks heng ved brannvarslingssentralen ved kjøkkeninngongen, og skal og hengast opp i vestibylen.
- Ragnhild Vad gjekk gjennom evakueringsinstruksen for kyrkja, punkt for punkt. Det vart snakka litt om kvart punkt.
- Det beste er å sløkkje med brannslangen. Vatnet tek ikkje slutt, sløkkjeapparata er tom på 20 sekund. Bortsett frå orgel og steiking av mat på kjøkkenet, der må anna sløkkjemiddel brukast. Det beste på kjøkkenet er å bruke brannteppe. Brannteppe som var på kyrkjetenarkontoret skal no henge på kjøkkenet.
- Ikkje vere redd for å ringe 110 når ein situasjon oppstår, dei veileder oss og hjelper å avgjere vidare framgong.
- Klarar ein å sløkkje små tilløp før alarmen går, treng ein ikkje evakuere kyrkja.
- Brannteikning i vestibylen og ved brannvarslingssentralen.
- Bruk manuell utløyser (står «Manuell brannmelder» på brannteikning) når ein situasjon oppstår som gjer at ein ynskjer å evakuere kyrkja; ved sterk lukt, eller anna hending.
- Brannmessig skal dørane vere igjen. Men pga ventilasjon i kyrkja må dørane vere opne, elles vert det veldig varmt i nokre rom og kaldt i andre rom.
- Ikkje rømningsveg gjennom røyklagde rom.
- Sjekke om det er forvarsel på brannvarslingssentralen; viss det piper og lyser oransje kan ein sjekke det aktuelle området kva som skjer, og kan dermed evt avverge alarm og evakuering.
- Ved store konsertar o.l. vert kyrkjerommet ofte ommøblert. Viktig at eigar av kyrkja har gode og konkrete reglar/planar om korleis ein kan møblere, og ikkje kan møblere. Dette med tanke på sperring av rømningsvegar, for mykje folk i kyrkja mm. Dette skal verta godt informert om på førehand til dei som leiger kyrkja. Det vert laga ein plan på dette.
- I planen til kyrkja står det at makstal er 400 personar i kyrkja. det virkar som eit veldig høgt tal. Det vert engasjert eit firma som skal rekne ut dette på ny.
- Det blir brannøving i ei gudsteneste til hausten, brannleiar ynskjer å vere med på øvinga. Målet er at det skal vere brannøving i ei til to gudsteneste pr år.

Redde – Varsle – Sløkkje

Ring vaktnummeret til brannvesenet; 97552059, om ein er i tvil om ting bør sjekkast, feks svilukt, svidd elektrisk kontakt o.l.

Me var 12 stk i tillegg til brannleiar.

Reidun Andersen, ref.